

ÅRSMØTE 2005

sundag 6. feb. på Øydegard grendahus, kl. 1400

Frammøtte: 9 stk.

Sak 1 Åpning

Innkalling og sakliste godkjent med ein merknad: Innkallinga må skje skriftleg i framtida.

Sak 2 Valg av ordstyrar og skrivar

Arnstein Brevik og Magnar Almberg vart einstemmig valgt.

Sak 3 Valg av to til å skriva under på møteboka

Desse vart valt: Kirsty McKinnon og Jon Grimsmo

Sak 4 Årsmelding

Arnstein la fram årsmeldinga. Einstemmig godkjent

Sak 5 Rekneskap

Kasseraren la fram rekneskapen. Grunna samanblanding av rekneskapen med Fylkeskappleiken har kasseraren hatt store vanskar med rekneskapen. Det var stor forståing blant årsmøtedeltakarane for dette. Kasseraren og revisor må sette seg saman og ordne opp i dette. Årsmøtet tek dette til etterretning og gjev styret fullmakt til å godkjenne rekneskapen. Rekneskapen må vere framlagt styret innan 1. mars. Rekneskapen skal leggjast ut på nettsidene til laget.

Sak 6 Kontingent og budsjett

Budsjettet er det vanskeleg å gjera noko med før rekneskapen er ferdig. Styret vert pålagt å sette opp budsjett etter at rekneskapen vert lagt fram.

Kontingent vart det vedteke å høyne fra kr. 200,- til kr. 250,-

Sak 7 Arbeidprogram

5. mars: Folkemusikk og dans for born og unge i Tingvoll

8. mai: Konsert i Straumsnes vedr. 100 årsjubileet for Noreg som eigen nasjon.

1. okt.: Fylkeskappleik

Lagsøvingar: Øvingane har vore om sundagane. Helge kom med forslag om å endre dette til onsdag. Det var vanskeleg å finna ein høveleg dag i veka som passar alle. Helge har sett opp ei øvingsliste med berre onsdagar, denne må reviderast slik at den passar betre.

Sak 8 Val

Leiar for 1 år

Arnstein Brevik

Nestleiar for 2 år

Nils Tore Leivdal

To utsendingar til fylkesårsmøte

Leiaren prøver å få tak i nokon.

Danseleiar

Kirsty McKinnon vart valgt

Møtet slutt 15.30

Magnar Almberg sekr.

Jon Grimsmo /s/

Kirsty McKinnon /s/